

ÅRSMØTE 2011

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

- Dagsorden
- Sakspapir

DAGSORDEN FOR ÅRSMØTE 2011

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

TID: 30.april kl.13-17, 1.mai kl.09-12.15
STAD: Røros Hotell, An-Magrittsvei, 7374 Røros

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 2 Navneopprop og godkjenning av fullmakter

Sak 3 Val av møteleiar og protokollfører

Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen og tellekorps

Sak 5 Årsmelding 2010 for FolkOrg.

Vedlegg: Årsmelding 2010

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek årsmelding 2010 slik den ligg føre.

Sak 6 Rekneskap 2010 for FolkOrg

Vedlegg: Rekneskap 2010, med revisjonsberetning. Saksnotat 6.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek rekneskap 2010 slik den ligg føre.

Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda

Vedlegg: Saksnotat 7 Melding frå tilsynsnemnda

Framlegg til vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda verte teke til orientering.

Sak 8 Fastsetjing av kontingent og bladpengar for 2012

Vedlegg: Saksnotat 8

Sak 9 Vedtekter

Vedlegg: Saksnotat 9, og retningsliner for gruppa av yrkesutøvarar i FolkOrg

Sak 10 Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015

Vedlegg: Saksnotat 10, Framlegg til handlingsplan – (FolkOrg 2011 – 2015), Prinsippprogram FolkOrg (gjeldande) og Arbeidsprogram 2011 (gjeldande).

Sak 11 Revidert budsjett 2011

Vedlegg: Revidert budsjett 2011 - FolkOrg, samt oversikt over honorar til styret og utval

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert budsjett 2011 slik det ligg føre.

Sak 12 Budsjett 2012

Vedlegg: Budsjett 2012 - FolkOrg, samt oversikt over honorar til styret og utval

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett 2012 slik det ligg føre.

Sak 13 Oppnemning av revisor

Framlegg til vedtak:

BDO Noraudit blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2012.

Sak 14 Val

Vedlegg: Instilling frå valnemnda

Valnemnda er Terje Foshaug, Synnøve S Bjørset og Randi Skeie

Det blei gjort slikt val på valnemnd på årsmøtet 2010:

<i>Randi Skeie</i>	<i>vald for 3 år</i>
<i>Terje Foshaug</i>	<i>ikkje på val (1 år igjen)</i>
<i>Synnøve S Bjørset</i>	<i>ikkje på val (2 år igjen)</i>

Framlegg frå styret til nytt medlem i valnemnda:

<i>Tor Erik Jenstad</i>	<i>vald for 3 år</i>
-------------------------	----------------------

SAK 6

Rekneskap 2010

Til: Årsmøtet

Frå: Styret

Saksopplysningar

FolkOrg gjekk med kr 367.289 i underskott i 2010. I dette notatet vil vi gjere greie for hovudårsakene til det.

Årsmøtet i 2009 godkjente eit budsjett med eit driftsresultat i null for 2010. I midten av oktober 2010 vart det oppdaga ein feil i budsjettet for 2010. Dette var ein formelfeil som gjorde at styret og administrasjonen trudde dei hadde kr 925.000 meir å rutte med enn det som var reelt. På årsmøtet i FolkOrg 20.-21.november 2010 vart det gjort greie for dette. Styret hadde fram til midten av oktober trudd at organisasjonen hadde ein relativt romsleg økonomi, og vedtak vart fatta med det som utgangspunkt. I realiteten styrte ein gjennom året etter eit budsjett med 925.000 i underskot.

Rekneskapen for LFS i 2010 vart dessutan seint ferdig i 2010. Av den grunn hadde ein ikkje erfaringstal frå sist år på prosjekta som vart vidareførte.

Rekneskapen syner at inntektene har vore om lag 400.000 lågare enn budsjettert.

Personalkostnadane har vore 800.000 lågare enn budsjettert, mens andre driftskostnader har vore om lag 200.000 lågare enn budsjettert (når vi la inn dei 925.000 som var feilbudsjettert).

Vi vil i det følgjande gjere reie for hovudårsakene til resultatet ut ifrå dei ulike prosjekta samanlikna med budsjettet for dei enkelte prosjekta:

- *Administrasjon*

Netto meirforbruk på kr 466.000

Her er det ein svikt på inntektssida på kr 347.000. Dette skuldast: Kr 110.000 mindre i driftstilskott. Kr 51.000 mindre i andre tilskott. Kr 280.000 mindre i refusjonar, mellom anna mva-refusjon. Meirinntekter på mellom anna medlemskontingent på kr 68.000 og kr 21.000 på anna inntekt.

Utgifter: Meirforbruk på kr 119.000. Kr 40.000 i høgare husleigeutgifter. Kr 140.000 i høgare IT-utgifter, grunna mellom anna stort behov for nytt datautstyr. Kr 30.000 i meirforbruk til trykkeutgifter. Kr 54.000 meir til årsmøtet. Mindreforbruk på mellom anna: rekneskaps- og revisjonshonorar, prosjektkostnader og kontorrekvisita.

- *Styret:*

Ut frå rekneskapen ser det ut til å vere eit meirforbruk på honorar til styret og arbeidsgrupper på nærare kr 60.000,- samanlikna med budsjett. I budsjettsummen var berre styrehonorar rekna med og ikkje arbeidsgruppene som også vart ført her. Strengt tatt skulle utgiftene til dei ulike arbeidsgruppene ha vore ført på ulike prosjekt. Her er styret og arbeidsgrupper ført saman. Meirutgifter til styrehonorar er reelt kr 24.000, resten skulle ha vore fordelt.
- *Informasjon drift*

Netto mindreforbruk på kr 49.000, mellom anna på grunn av at ein ikkje byrja arbeidet med grafisk profil i 2010.
- *Årboka*

Netto meirforbruk på kr 44.000. Det vart gjort eit styrevedtak om å sende boka til alle husstandar , då vart trykkekostnadane dyrare. Grafisk design vart også dyrare enn budsjettet.
- *Norsk folkemusikkformidling*

Netto mindreforbruk på ca kr 80.000, mellom anna fordi det ikkje vart sett i gong nye prosjekt då prosjektleiar hadde permisjon.
- *Folkelarm*

Netto meirforbruk på ca kr 250.000. Dette skuldast: Svikt i stønad på ca kr 50.000. Svikt i billettsal på ca kr 50.000. Styrevedtak på å tilsette pressesjef til kr 40.000. Rekneskapen frå 2009 var seint ferdig og ein hadde ikkje ferske erfaringstal å samanlikne med. Det var også noko etterslep frå 2009 som ikkje vart avsett i rekneskapen for 2009. Skifte av prosjektleiar midt i året og ikkje gode nok rutinar kring budsjettoppfølging, gjorde at oversynet ikkje var god nok. Vi har no laga nye rutinar for budsjettoppfølging.
- *Folkemusikkscena*

Netto meirforbruk på kr 351.000. Dette skuldast mykje mindre inntekter. Det var budsjettet med kr 800.000 i stønad , og vi har berre fått kr 80.000. Vi har klaga på vedtaket og den er til handsaming i Kulturdepartementet. Utgiftene er også mindre då prosjektleiar slutta i juli og ikkje vart erstatta. Det er difor mindretgifter på løn på nærare kr 200.000.
- *Kompetanseutvikling og danseprosjekt*

Her er det eit mindreforbruk på ca kr 1,1 million då ein ikkje hadde kapasitet til å sette i gong så mange nye prosjekt i eit hektisk oppstartsår. Ein del av utgiftene som er ført på arbeidsgrupper under styret, kunne ha vore ført her.

Resultatregnskap

FolkOrg

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2010	Budsjett
Salgsinntekter - annonser		274 996	290 000
Billetter og Abonnement		579 017	710 000
Driftsstøtte		5 390 000	5 500 000
Andre tilskudd	2	1 460 795	2 180 000
Medlemskontingent		1 879 397	1 812 000
Annen inntekt		1 009 817	300 000
Andre refusjoner		420 974	650 000
Sum driftsinntekter		11 014 996	11 442 000
Lønn og personalutgifter		2 926 893	3 690 000
Styrehonorar	2	329 444	270 000
Arbeidsgiveravgift		493 632	562 000
OTP og personforsikringer		299 125	270 000
Annen personalkostnad		2 021	20 000
Personalkostnader		4 051 116	4 812 000
Prosjektkostnad		781 100	1 085 000
Faste driftsutgifter		1 418 994	1 663 000
Diverse honorar		849 974	828 000
Kontor og møtekostnader		1 846 759	1 164 000
Reisekostnader		757 207	1 180 000
Reklamemateriell/annonsering		211 543	230 000
Div. andre kostnader		547 786	480 000
refusjon av medlemskontingent og forsikringspenger		920 129	925 000
Andre driftskostnader		7 333 493	7 555 000
Driftsresultat		-369 612	-925 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt		4 172	0
Annen finansinntekt		3	0
Rentekostnad		1 375	0
Annen finanskostnad		477	0
Resultat av finansposter		2 323	0
Årsoverskudd (Årsunderskudd)		-367 289	0

Balanse

FolkOrg

Eiendeler	Note	2010
Anleggsmidler		
Finansielle driftsmidler		
Aksjer		19 800
Depositum		4 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>23 800</u>
Sum anleggsmidler		<u>23 800</u>
Omløpsmidler		
Fordringer		
Kundefordringer		1 146 035
Andre fordringer		130 042
Sum fordringer		<u>1 276 077</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.		311 867
Sum omløpsmidler		<u>1 587 944</u>
Sum eiendeler		<u>1 611 744</u>
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital pr. 1.1		733 738
Årets resultat		-367 289
Sum egenkapital	1	<u>366 450</u>
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld		139 611
Skyldig merverdiavg., skattetr. folketrygdavg. feriep o.l.		668 922
Annen kortsiktig gjeld		436 761
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 245 294</u>
Sum gjeld		<u>1 245 294</u>
Sum gjeld og egenkapital		<u>1 611 744</u>

Noter til regnskapet for 2010

FolkOrg

Regnskapsprinsipper

Landslaget For Spelemenn og Norsk Folkemusikk og Danselag ble 21. november 2009 slått sammen til en felles organisasjon med navnet FolkOrg. Fra 2010 er det første året med felles regnskap. Pga dette er det ikke tatt med sammenlignbare tall i regnskapet.

Note 1 Egenkapital

	Egenkapital	Totalt
Egenkapital 1.1. fra Landslaget For Spelemen	260 492	260 492
Egenkapital 1.1 fra Norsk Folkemusikk og Danselag	473 247	473 247
Årets resultat	-367 289	-367 289
Egenkapital 31.12.	366 450	366 450

Note 2 Diverse informasjon

Foreningen har for 2010 blitt innvilget kun kr 80.000 i støtte til Den Norske Folkemusikkscena - turnestøtte for 2010. Dette vedtaket er påklaget.

Info fra styret:

Ut frå rekneskapen ser det ut til å vere eit meirforbruk på honorar til styret og arbeidsgrupper på nærare kr 60.000,- samanlikna med budsjett. I budsjettsummen var berre styrehonorar rekna med og ikkje arbeidsgruppene som og vart ført her. Strengt tatt skulle utgiftene til dei ulike arbeidsgruppene ha vore ført på ulike prosjekt. Her er det ført styret og arbeidsgrupper saman. Meirutgifter til styrehonorar er reelt 24.000, resten skulle ha vore fordelt. Styret har fått honorar etter desse satsane:

Styreleiar får kr 50.000 i året

De to nestleiarane får kr 25.000 kvar i året.

Møtegodtgjersle for styret har vore satt til kr 345,- per time (det gjeld og AU-medlem), maks 6 timar per dag.

Tapt arbeidsforteneste var satt til opp til 1520 per dag.

Spesifikasjon av resultatregnskapet

FolkOrg

		2010	Budsjett
Salgsinntekter - annonser			
3000	Salgsinntekter (annonser) avg.pl	-260 755,50	-290 000,00
3100	Salgsinntekter (annonser) avg.fri	-14 240,00	0,00
		<u>-274 995,50</u>	<u>-290 000,00</u>
Billetter og Abonnement			
3110	Salgsinntekter (billetter)	-579 017,32	-710 000,00
		<u>-579 017,32</u>	<u>-710 000,00</u>
Driftsstøtte			
3440	Driftsstøtte	-5 390 000,00	-5 500 000,00
		<u>-5 390 000,00</u>	<u>-5 500 000,00</u>
Andre tilskudd			
3450	Andre tilskudd	-1 460 795,00	-2 180 000,00
		<u>-1 460 795,00</u>	<u>-2 180 000,00</u>
Medlemskontingent			
3210	Medlemskontingent (inkl forsikring)	-1 879 397,20	-1 812 000,00
		<u>-1 879 397,20</u>	<u>-1 812 000,00</u>
Annen inntekt			
3600	Andre inntekter (inkl sponsor)	-1 009 817,00	-300 000,00
		<u>-1 009 817,00</u>	<u>-300 000,00</u>
Andre refusjoner			
3901	Andre refusjoner	-374 417,81	-650 000,00
3910	Refusjon av utgifter	-46 556,50	0,00
		<u>-420 974,31</u>	<u>-650 000,00</u>
Lønn og personalutgifter			
5000	Lønn og personalutgifter (fast ansa)	2 830 900,14	3 690 000,00
5020	Etterlønn etter dødsfall	36 541,70	0,00
5092	Feriepenger	317 221,40	0,00
5810	Refusjon av fødselspenger	-257 770,00	0,00
		<u>2 926 893,24</u>	<u>3 690 000,00</u>

Spesifikasjon av resultatregnskapet

FolkOrg

		2010	Budsjett
Styrehonorar			
5330	Honorar til styrer og utvalg	329 444,00	270 000,00
		329 444,00	270 000,00
Arbeidsgiveravgift			
5400	Arbeidsgiveravgift	486 245,32	562 000,00
5405	Arbeidsgiv.avg. av pål. feriep	7 386,93	0,00
		493 632,25	562 000,00
OTP og personforsikringer			
5251	Gruppelivsforsikring	5 686,00	0,00
5390	Annen oppgavepl. godtgjørelse	135 855,00	0,00
5425	Innber.pl. pensjonsk. aga pl.	189 457,16	0,00
5500	Pensjonsforsikring trekk ansatte	-31 873,00	0,00
5945	PENSJONSFORSIKRING ANSATTE	0,00	270 000,00
		299 125,16	270 000,00
Annen personalkostnad			
5990	Annen personalkostnad	2 021,47	20 000,00
		2 021,47	20 000,00
Prosjektkostnad			
4020	Tilskudd til andre(frifond n fm fon	781 100,00	1 085 000,00
		781 100,00	1 085 000,00
Faste driftsutgifter			
6300	Leie lokaler, strøm,renhold	607 505,40	568 000,00
6400	Datamaskiner/-systemer/IT-tjenester	330 494,99	190 000,00
6490	Leie lokaler ved andre arr./møter	42 470,67	270 000,00
6540	Inventar	58 073,74	50 000,00
6550	Leie lys/lyd og annet utstyr	43 053,40	225 000,00
6560	Tonoavgift	99 921,60	110 000,00
6700	Revisjon- og regnskapshonorar	206 329,59	250 000,00
6705	Regnskapshonorar	31 145,00	0,00
		1 418 994,39	1 663 000,00
Diverse honorar			
4510	Utbetaling næringsdrivene	3 876,00	0,00
6706	honorarer ikke oppgavepliktige	0,00	330 000,00

Spesifikasjon av resultatregnskapet

FolkOrg

		2010	Budsjett
6740	Honorar prosjekt og andre kons.tjen	<u>846 097,57</u>	<u>498 000,00</u>
		849 973,57	828 000,00
Kontor og møtekostnader			
6800	Kontorrekvisita	34 908,85	160 000,00
6850	Trykking/kopiering	815 649,78	298 000,00
6855	Grafisk	11 500,00	0,00
6860	Kurs/faglig oppdatering	2 225,00	40 000,00
6865	Servering	281 399,20	0,00
6870	Deltakeravgifter	98 857,39	58 000,00
6875	Overnatting	292 684,41	0,00
6880	Møte- og representasjonskostnader	9 485,00	165 000,00
6890	Annen kontorkostnad	0,00	45 000,00
6900	Telefon,mobiltlf,fax	101 561,18	175 000,00
6903	Mobiletelefon	5 392,83	0,00
6940	Porto	157 017,57	223 000,00
6950	Annen kontorkostnad	<u>36 078,10</u>	<u>0,00</u>
		1 846 759,31	1 164 000,00
Reisekostnader			
7100	Reisekostnad, oppg. pliktig	70 406,09	0,00
7140	Reisekostnad, ikke oppgaveplikt	572 520,86	1 180 000,00
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	<u>114 280,15</u>	<u>0,00</u>
		757 207,10	1 180 000,00
Reklamemateriell/annonsering			
7320	Reklamemateriell/annonsering	<u>211 543,40</u>	<u>230 000,00</u>
		211 543,40	230 000,00
Div. andre kostnader			
6945	Budbil	10 784,34	0,00
7400	Kontingent/abonnement	33 009,34	40 000,00
7420	Gave, fradragsberettiget	62 052,86	25 000,00
7450	Andre utgifter	328 199,61	325 000,00
7500	Forsikringer	65 193,00	50 000,00
7770	Bank- og kortgebyr	24 061,81	40 000,00
7790	Annen kostnad, fradr.ber	-1 015,21	0,00
7795	Andre kostnader ikke fradr. ber	500,00	0,00
7831	Endring avsetning tap på fordringer	<u>25 000,00</u>	<u>0,00</u>
		547 785,75	480 000,00

Spesifikasjon av resultatregnskapet

FolkOrg

		2010	Budsjett
refusjon av medlemskontingent og forsikringspenger			
7453	Medlemskontingent - refusjon til la	1 019 949,00	925 000,00
7457	Provisjon forsikringsordning	<u>-99 820,00</u>	<u>0,00</u>
		920 129,00	925 000,00
Renteinntekt			
8040	Renteinntekt, skattefri	-9,00	0,00
8050	Annen renteinntekt	<u>-4 162,98</u>	<u>0,00</u>
		-4 171,98	0,00
Annen finansinntekt			
8060	Valutagevinst (agio)	<u>-3,37</u>	<u>0,00</u>
		-3,37	0,00
Rentekostnad			
8150	Annen rentekostnad	1 137,06	0,00
8155	Rentekostnad leverandørgjeld	<u>238,10</u>	<u>0,00</u>
		1 375,16	0,00
Annen finanskostnad			
8160	Valutatap (disagio)	<u>476,73</u>	<u>0,00</u>
		476,73	0,00

Spesifikasjon av balansen

FolkOrg

2010

Aksjer

1820	Andre aksjer	8 800,00
1825	Andre ikke børsnot.aksjer,uten	10 000,00
1826	Andeler i Telemarksfestivalen NDF	1000,00
		19 800,00

Depositum

1721	Depositum frankering	4 000,00
		4 000,00

Kundefordringer

1500	Kundefordringer	386 494,59
1502	Diverse tilskudd NDF	198 000,00
1505	Medlemmer NDF	500,00
1510	Avsetning tap på fordringer	-25 000,00
1751	Påløpt tilskudd ikke utbetalt.	564 425,00
1752	Påløpt kontingent	21 615,00
1772	Tilsagn prosjekt NDF	-381 539,96
1773	Motkonto tilsagn Prosjekt NDF	381 539,96
		1 146 034,59

Andre fordringer

1572	Lønns-/reiseforskudd	3 322,66
1579	Korts.fodr./Landsfest/Kapplei	24 000,00
1740	Andre forskuddsbetalte kostn.	69 937,50
1745	Andre forsk.bet kostn NDF	362,50
1890	Mellomværende konto	0,01
1892	Mellomværende Norsk Folkemusikkfond	29 000,00
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	1 089,41
2984	Avsetning for forpliktelser NDF	2 000,00
2995	Deltakeravgifter	330,00
		130 042,08

Bankinnskudd, kontanter o.l.

1900	Kontanter	1 963,50
1920	Bank 1600.20.36375	92 968,11
1921	Bank 1602.56.55323	3 463,39
1922	Bank 1644.02.26004	1 517,73
1923	Bank 1503.04.18562 NFD	5 708,90

Spesifikasjon av balansen

FolkOrg

		2010
1950	Bank 1600.20.59103 sk.trekk	206 193,42
1952	Bank 1503.04.18589 Sk.t NFD	51,89
		311 866,94
Egenkapital pr. 1.1		
2050	Annen egenkapital	-733 738,38
		-733 738,38
Årets resultat		
2060	Årsresultat	367 288,85
		367 288,85
Leverandørgjeld		
2400	Leverandørgjeld	-139 610,54
		-139 610,54
Skyldig merverdiavg., skattetr. folketrygdavg. feriep o.l.		
2600	Forskuddstrekk	-202 037,00
2650	Trukket fagforeningskontingent	-1 285,49
2651	Trukket fagf.kontingent NDF	-1 256,00
2770	Skyldig arbeidsgiveravgift	-124 636,00
2940	Skyldige feriepenger fjoråret	-339 707,95
		-668 922,44
Annen kortsiktig gjeld		
1891	Mellomværende NFD	-163 896,25
2785	Påløpt arb.giv.avg. ferielønn	-47 898,85
2960	Påløpte kostnader	-137 466,00
2990	Annen kortsiktig gjeld	-87 500,00
		-436 761,10

Til årsmøtet i
FolkOrg

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for foreningen FolkOrg, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et underskudd på kr 367 289 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foreningens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foreningens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til foreningen FolkOrg per 31. desember 2010 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Lillehammer, 4. april 2011

BDO AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Rune Pettersen'.

Rune Pettersen
Statsautorisert Revisor

Til BDO AS

Uttalelse fra ledelsen


Denne uttalelse avgis i forbindelse med Deres revisjon av regnskapet for FolkOrg for året som ble avsluttet den 31. desember 2010. Uttalelsen skal inngå i grunnlaget for Deres konklusjon om hvorvidt regnskapet i det alt vesentlige gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk.

Vi bekrefter, etter beste evne og overbevisning at:

- 1) Vi har oppfylt vårt ansvar vedrørende utarbeidelsen av regnskapet som fastsatt i vilkårene for revisjonsoppdraget.
- 2) Vi er ansvarlige for, og har oppfylt vår plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- 3) Regnskapet inneholder ikke vesentlig feil, og gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk. Dette inkluderer at det ikke mangler vesentlige opplysninger.
- 4) Viktige forutsetninger som vi har brukt ved utarbeidelsen av regnskapsestimer, herunder regnskapsestimer målt til virkelig verdi, er begrunnede og rimelige.
- 5) Vi har fulgt lover, forskrifter og offentlige reguleringer som kan medføre økonomisk eller straffereettslig ansvar for selskapet. Vi har gitt opplysninger om mulige lovbrudd vi er kjent med og alle faktiske og mulige konsekvenser av disse.
- 6) Vi har gitt dere informasjon om eventuelle mangler i intern kontrollen som ledelsen kjenner til. Vi har gitt dere alle opplysninger om eventuelle misligheter eller mistanker om misligheter som vi er kjent med og som kan ha påvirket selskapet.
- 7) Vi har gitt revisor opplysninger om identiteten til enhetens nærstående parter og alle forhold til nærstående parter og transaksjoner med disse som vi er kjent med. Det er tatt tilstrekkelig hensyn til og opplyst om forhold til nærstående parter og transaksjoner med disse.
- 8) Vi har ingen planer eller intensjoner for virksomheten som vil påvirke bokførte verdier og klassifiseringen av eiendeler eller gjeld i årsregnskapet.
- 9) Selskapet har eiendomsretten til alle eiendeler som er oppført i balansen. Det er ikke knyttet noen heftelser eller pantsettelsler, herunder eiendomsforbehold, til disse eiendeler ut over det som fremgår av årsregnskapet.
- 10) Det foreligger ikke forpliktelser, både faktiske og mulige, som ikke er bokført eller opplyst om i note.
- 11) Alle hendelser etter balansedagen som medfører behov for korrigerende eller omtale er hensyntatt.
- 12) Selskapet er ikke involvert i, eller må påregne og bli involvert i, rettsvister av økonomisk betydning som ikke fremgår av årsregnskapet.
- 13) Det ikke er gitt lån eller sikkerhetsstillelse mv etter årsskiftet som gjør at disponering og utdeling på grunnlag av regnskapet ved årsslutt blir ulovlig iht. aksjeloven § 8-1.
- 14) Vi har gitt dere tilgang til alle opplysninger som er relevante for utarbeidelsen av regnskapet, som regnskapsregistreringer, dokumentasjon, styrereferater, generalforsamlingsprotokoll mv.

Oslo 4. april 2011

Dato



Daglig leder

SAK 7

Melding frå tilsynsnemnda

Til: Årsmøtet
Frå: Tilsynsnemnda

Tilsynsnemnda har hatt tilgang på protokollane frå styremøta og møta i arbeidsutvalet etter siste årsmøtet. Vi har kvar for oss gått gjennom protokollane, og har konferert med kvarandre på telefon og via skjermbrev. Nemnda har ikkje funne noko vedtak som strir mot vedtektene i FolkOrg. Vi vil likevel koma med ein merknad : Styret har sjølv fastsett honorar og godtgjersler til tillitsvalde innanfor ei ramme fastsett av årsmøtet. Vi meiner det er ei betre ordning at årsmøtet fastset desse godtgjerslene.

Audhild Rygg (sign.)

Jan Lislien (sign.)

Bjørn Lien (sign.)

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet tar meldinga frå tilsynsnemnda til etterretning.

SAK 8

Fastsetjing av medlemskontingent og bladpengar

Til: Årsmøtet

Frå: Styret

Saksopplysningar:

Årsmøtet i FolkOrg skal vedta bladpengar og medlemskontingent for 2012. Gjeldande satsar er:

- a) Bladpengar for 2011 er sett til kr 360,- ordinær pris og kr 310,- for medlemmar i FolkOrg.
- b) Medlemskontingent for 2012 er sett til kr 220,- for vaksne og kr 100,- for born.

Vurderingar:

Vi har gjort samanlikningar med andre blad/magasin, og på bakgrunn av det meiner vi at bladpengane bør vere under kr 400,-. Samstundes har ikkje bladpengane vore endra sidan 2008, og styret gjer difor framlegg om å auke bladpengane med kr 30,-.

Medlemskontingent vart frå 2011 auka til kr 220 for vaksne og 100 for born, frå 180 for vaksne og 70 for born i 2010. Ein gjer no framlegg om likevel å auke satsen for vaksne i 2012, grunna økonomien til organisasjonen.

Framlegg til vedtak:

- 1) *Bladpengar for 2012 sett til: 390 kroner, ordinær pris, 340 kroner for medlemmer i FolkOrg og studentar.*
- 2) *Medlemskontingent for 2012 vert sett til 250 vaksne og 100 for born.*

SAK 9

Vedtekter

Til: Årsmøtet

Frå: Styret

Styret har ikkje motteke forslag frå medlemmene om å gjere endringar i vedtektene. Med bakgrunn i diskusjonen på årsmøtet i Bergen i november 2010, fremjar styret forslag til endringar i tre paragrafar (6, 9 og 11) som gjeld styrets storleik og yrkesutøvaranes representasjon, og to paragrafar (3 og 6) som gjeld moglegheitene for at institusjonar som arrangørar og festivalar kan vere medlemmer i organisasjonen. I høve til vedtektene er det dermed berre desse paragrafane som kan handsamast på årsmøtet.

Dagens paragrafar

§ 3 Medlemskap

Grunnlaget i organisasjonen er medlemmer i lokale lag, faglag, og gruppa av yrkesutøvarar. Lokale lag er geografisk knytte til eit område. Faglag og gruppa for yrkesutøvarar har aktivitet på tvers av geografiske område.

Alle medlemmer i lokale lag og faglag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen. Faglag kan ha medlemmer som ikkje er medlemmer av FolkOrg, men dei får ikkje rekne utsendingar til årsmøtet for fleire enn dei som er medlemmer.

Alle lag som arbeider i samsvar med føremålsparagrafen, kan takast opp som medlemmer i organisasjonen.

Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, kan melde seg direkte inn i organisasjonen.

Styret kan stryke medlemmer som arbeider mot føremålet eller på annan måte skader organisasjonen. Styrevedtak om dette kan ankast inn for årsmøtet.

§6 Utsendingar til årsmøtet

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå kvart lokallag eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending*

- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar

B) Ein utsending frå kvart områdelag.

C) 10 utsendingar frå gruppa for yrkesutøvarar.

D) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet.

Styret har ikkje stemmerett vedrørande årsmelding, rekneskap og val av revisor.

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, har ikkje stemmerett.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

Alle medlemmer og tilsette i organisasjonen har talerett på årsmøtet. Styret kan invitere andre institusjonar og organisasjonar som observatørar med talerett til årsmøtet.

§9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år av gongen
- to nestleiarar for eitt år av gongen
- fire styremedlemmer for to år av gongen slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år av gongen
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda
- Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

Årsmøtet skal leggje vekt på ulike utøvarformer, kjønn, geografi, kontinuitet i styret sitt arbeid, fagleg, kulturpolitisk og økonomisk kompetanse. Anten leiar eller ein av dei to nestleiarane skal tilhøyre gruppa yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. I tillegg skal minst ein styremedlem vere yrkesutøvar.

§11 Om styret

Styreleiaren teiknar organisasjonen.

Styret kan delegere prokura.

Styreleiaren og dei to nestleiarane utgjer eit arbeidsutval. Styret vedtek instruks for arbeidsutvalet.

Styret er vedtaksført dersom minst fire medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Det skal førast referat frå styremøta.

Styret eller den dei delegerer fullmakta til, kan ta opp lån på vegne av organisasjonen.

Dei tilsette har rett til å ha ein representant, i tillegg til dagleg leiar, med talerett til stades i styremøte.

Styrets storleik og yrkesutøvaranes representasjon

Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for saka er dei vedtektsforslaga som styret la fram for årsmøtet i 2010 og dei innspela som årsmøtet kom med då:

- storleiken på styret og AU:
 - o 5 eller 7 medlemmer i styret
 - o Eit arbeidsutval med 3 tillitsvalde, eller 2 tillitsvalde pluss dagleg leiar
 - o Om årsmøtet vel nestleiarar eller om styret konstituere seg sjølv
 - o Det må sikrast at ikkje heile AU er på val samstundes
- Yrkesutøvaranes representasjon på årsmøtet og i styret (i dag har denne gruppa 1 representant i AU og 1 representant til i styret samt 10 utsendingar til årsmøtet)
- stryke dei detaljerte pålegga på valnemnda i eksisterande vedtekter, og erstatte dei med eigne retningslinjer for valnemnda (forslag frå styret).

Desse elementa er omtala i § 6 Utsendingar til årsmøtet, § 9 Val av tillitsfolk og § 11 Om styret.

Styrets vurdering av storleiken på styret

Styret ønskjer å halde på dagens ordning med eit styre på 7 personar med følgjande grunngjeving:

- Vi er eit stort miljø som ønskjer å stå samla. Det er difor viktig at fleire felt og interesser er representert i styret.
- Vi er enno i etableringsfasen med den nye organisasjonen
- Stor organisasjon med omfattande og mangfaldig arbeidsfelt
- Viktig å sikre breidde i styret både på ulike utøvarformer, kjønn og geografi, samt sikre kontinuitet i styret sitt arbeid og deira faglege, kulturpolitiske og økonomiske kompetanse.
- Har hatt gode og fruktbare diskusjonar i det store styret fram til no
- Eit arbeidsutval med 3 politisk valde medlemmer har meir politisk innverknad på administrasjonen sine prioriteringar
- Ikkje store kostnadsskilnader

Styret har gjort ei utrekning av skilnaden på det å ha eit styre på 5 eller 7 personar. Føresetnadane i utrekninga er:

- Styret har 5 møte i året, der 2 av møta er todagarsmøte. Til saman 7 møtedagar.
- Talet på deltakarar i kvart møte er høvesvis 5 og 7. Ein reknar med å alltid innkalle fyrste vara, men at det ofte også vil vere fråfall frå minst ein av styremedlemmene.
- Møtegodtgjeringa per dag er 1500,- for styremedlemmer. Leiaren får 50 000,- og nestleiarane 30 000,- per år utan å få møtegodtgjering i tillegg.
- Både med 5 og 7 styremedlemmer vil ein ha eit arbeidsutval på leiar og 2 nestleiarar.
- Gjennomsnittleg kostnad på reise, opphald og diett er 1 900,-.
- Vi har ikkje lagt inn utbetaling av tapt arbeidsforteneste som kan dekkast med inntil 1 500,- per dag sidan dette vil variere sterkt med kven som sit i styret og deira arbeidssituasjon.
- Vi har ikkje rekna inn godtgjering til andre utvalsmøte, då dette i prinsippet vert likt om ein har eit stort eller lite styre.

Styret vil også påpeike at utgiftene til styret vil gå ned i 2011 og 2012 uavhengig om ein endrar storleiken på styret. Det er to årsaker til dette. For det fyrste har ein innkalla alle varamedlemmer med fulle rettar i dei to fyrste åra etter samanslutninga i samsvar med vedtak på det fyrste årsmøtet. For det andre reknar styret med å ha færre møte årleg enn i 2010. I etableringsfasen har ein hatt behov for fleire møte enn under meir normal drift.

Resultata av utrekninga er med dei føresetnadene som er gitt ovanfor:

	Møtegodtgjering	Reise, opphald og diett	Totalt
Styre 5	131 000	47 500	178 500
Styre 7	152 000	66 500	218 500
Differanse	21 000	19 000	40 000

Tabellen syner at ein kan spare inntil 40 000,- med å gå frå eit styre på 7 til eit styre på 5.

Styrets vurdering av yrkesutøveranes organisering og representasjon

Saka om yrkesutøveranes representasjon i styret og årsmøtet har sin bakgrunn i følgjande protokoll frå det fyrste årsmøtet i organisasjonen i november 2009:

”Styret i organisasjonen har ansvar for å gjennomføre prosessen med val av utsendingar til årsmøtet frå gruppa av yrkesutøvarar. Styret skal sørge for at dei som tilhører denne gruppa vert registrert og om naudsynt sette opp eit arbeidsutval for gruppa. Styret skal også sørge for at det vert gjort ei vurdering om det er naudsynt å danne eit særslag for denne gruppa.”

Bakgrunnen for saka er den spesiell stillinga yrkesutøvarane har i vedtektene som følgje av samanslutningsprosessen. Styret har hatt ein dialog med yrkesutøvarane gjennom det interimstyret som vart nedsett i haust. Saman har vi kome fram til følgjande forslag til løysing for organisering og representasjon av yrkesutøvarane i FolkOrg:

- Vi etablerer eit register over yrkesutøvarane. Registeret utgjer ein base for å velje utsendingar til årsmøtet i FolkOrg og eit fagutval for yrkesutøvarar.
- Vi etablerer eit fagutval for yrkesutøvarar som vert valt av årsmøtet i FolkOrg. Fagutvalet skal gje råd til styret og administrasjonen i FolkOrg i spørsmål som vedkjem yrkesutøvaranes interesser.
- Vi etablerer ein valprosess, som gjerne kan vere elektronisk, for å velje utsendingar til årsmøtet i FolkOrg blant dei registrerte yrkesutøvarane.
- Gruppa av yrkesutøvarar blir representert på årsmøtet i FolkOrg i samsvar med medlemstalet i gruppa på lik line med lokallag og faglag.
- Gruppa av yrkesutøvarar skal som i dag vere representert med to personar i styret. Av desse skal minst ein sitje i arbeidsutvalet.

Grunngjeving:

- Eit register gjer det tydeleg kven som er yrkesutøvarar
- Det er ikkje noko ønskje om eit eige lag med mykje byråkrati blant utøvarane. Ei organisering med fagutval syner at arbeidet for yrkesutøvarane er ein naturleg del av arbeidet til FolkOrg utan at vi treng eit eige lag for å organisere dei.
- Viser at det er styret i FolkOrg som tek avgjerder om det som gjeld yrkesutøvarar og at styret har det økonomiske ansvaret i organisasjonen.
- Involverer årsmøtet i FolkOrg på ein naturleg måte gjennom val til fagutvalet.
- Dette er ei kostnadseffektiv løysing der ein ikkje treng fleire årsmøte, rekneskap, eller rapportar enn det som er nødvendig.

Styrets forslag til vedtak

Paragraf 6 og 9 skal lyde:

§6 Utsendingar til årsmøtet

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå lokallag, gruppa av yrkesutøvarar eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending
- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar

B) Ein utsending frå kvart områdelag

C) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, har ikkje stemmerett.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

Alle medlemmer og tilsette i organisasjonen har talerett på årsmøtet. Styret kan invitere andre institusjonar og organisasjonar som observatørar med talerett til årsmøtet.

Styret har ikkje stemmerett vedrørande årsmelding, rekneskap og val av revisor.

§9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år
- to nestleiarar for to år slik at det kvart år er ein nestleiar på val
- fire styremedlemmer for to år slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer. Desse skal veljast for 2 år, men slik at ikkje alle tre er på val samstundes
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda

Årsmøtet kan velje ei tilsynnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.

Det vert ingen endringar i paragraf 11.

Alternativt forslag til vedtak med eit mindre styre

Sidan årsmøtet i 2010 ønskja å utgreie eit mindre styre, har vi formulert ut eit alternativt forslag med eit styre på 5 personar, men elles basert på styret sine tilrådingar.

Alternativt forslag til vedtak:

§6 Utsendingar til årsmøtet

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå lokallag, gruppa av yrkesutøvarar eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending*
- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar*
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar*
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar*
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar*
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar*

B) Ein utsending frå kvart områdelag

C) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, har ikkje stemmerett.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

Alle medlemmer og tilsette i organisasjonen har talerett på årsmøtet. Styret kan invitere andre institusjonar og organisasjonar som observatørar med talerett til årsmøtet.

Styret har ikkje stemmerett vedrørande årsmelding, rekneskap og val av revisor.

§9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på fem personar:

- ein styreleiar for eitt år*
- to nestleiarar for to år slik det kvart år er ein nestleiar på val*
- to styremedlemmer for to år slik at det kvart år er eitt styremedlemmer på val*

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år*
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer. Desse skal veljast for 2 år, men slik at ikkje alle tre er på val samstundes*
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda*

Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.

Det vert ingen endringar i paragraf 11.

Institusjonar som arrangørar og festivalar

Det finst gode argument for at institusjonar som til dømes arrangørar og festivalar kan vere medlemmer i organisasjonen:

- Dei har mykje kompetanse som det er viktig at organisasjonen kan dra nytte av
- Dei er viktige aktørar når det kjem til kva for status musikken og dansen har og i korleis musikken og dansen utviklar seg
- Andre organisasjonar på musikkfeltet har arrangørar som grunnlaget i organisasjonen, slik som til dømes Norsk Rockforbund og Norsk Jazzforum. FolkOrg vil slik sett alltid skilje seg frå desse organisasjonane gjennom å vere ein stor utøvarorganisasjon. Vi vil ha nytte av å samle fleire stemmer frå miljøet, slik som til dømes arrangørane

Det er ei prinsipiell endring dersom institusjonar skal kunne vere medlemmer i organisasjonen. Med institusjonar meiner vi grupper av personar, klubbar, foreiningar, stiftingar og eventuelt AS. Organisasjonen er i dag basert på personlege medlemmer, men mange av dei eksisterande faglaga har institusjonar som juridiske medlemmer. I vår samanheng vil ein institusjon telle som ein medlem.

I fyrste rekkje tenkjer ein på at arrangørar og festivalar kunne bli medlemmer i FolkOrg, men det er inga prinsipiell hindring at andre grupper av institusjonar som deler føremålsparagraf med FolkOrg kan melde seg inn. Det er viktig at dette skjer på initiativ frå miljøet sjølv. Styret vil i vedtektene legge til rette for at det kan dannast faglag med institusjonar som medlemmer som så kan melde seg inn i FolkOrg.

Styrets forslag er å gjere ei lita endring i definisjonen av faglag slik at vi opnar for at institusjonar kan vere medlemmer i faglag gjennom å endre paragraf 3. Dermed kan grupper av institusjonar starte eit faglag som vidare kan melde seg inn i FolkOrg.

Forslag til vedtak:

§ 3 andre ledd skal lyde:

Alle medlemmer i lokale lag og faglag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen. Faglag kan ha personlege medlemmer som ikkje er medlemmer av FolkOrg, men dei får ikkje rekne utsendingar til årsmøtet for fleire enn dei som er medlemmer. Faglag kan også ha institusjonar som medlemmer, og slike faglag har eit fast tal på utsendingar til årsmøtet.

§ 6 fyrste ledd skal lyde:

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå lokallag, gruppa av yrkesutøvarar eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending*
- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar*
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar*
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar*
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar*
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar*

B) To utsendingar frå kvart faglag som i hovudsak har institusjonar som medlemmer

C) Ein utsending frå kvart områdelag

D) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet

Retningslinjer for gruppa av yrkesutøvarar i FolkOrg

Vedteke i styret i FolkOrg 22.03.2011

Register over yrkesutøvarar

FolkOrg oppretter eit register der yrkesutøvarar kan registrere seg. Føremålet med dette registeret er å ha ein oversikt over kven som definerer seg som yrkesutøvarar i samsvar med vedtektene til FolkOrg. Ut frå registeret skal valnemnda i FolkOrg finne kandidatar til eit fagutval for yrkesutøvarar og kandidatar til yrkesutøvarar i styret i FolkOrg. Desse blir valde på årsmøtet i FolkOrg.

Fagutvalet

Fagutvalet skal gje råd til styret og administrasjonen i FolkOrg i spørsmål som vedkjem yrkesutøvaranes interesser.

Utsendingar til årsmøte

Fagutvalet, i samarbeid med administrasjonen i FolkOrg, skal i rimeleg tid innan årsmøtet i FolkOrg arrangere ei avstemming (elektronisk eller fysisk) der ein vel utsendingar til årsmøtet i FolkOrg. Alle som er registrerte som yrkesutøvarar skal kunne delta. Det er fagutvalet for yrkesutøvarane som innstiller kandidatar til å vere utsendingar og varafolk til desse.

SAK 10

Handlingsplan for FolkOrg 2011-2015

Til: Årsmøtet

Frå: Styret

Styret kjem no med framlegg til ein handlingsplan for organisasjonen. Tidlegare har organisasjon hatt eit prinsippprogram og eit arbeidsprogram i separate dokument. Arbeidsprogrammet har vorte revidert årleg, medan prinsippprogrammet har vore fast. Den nye handlingsplanen har ein litt anna struktur, men er basert på tidlegare prinsipp- og arbeidsprogram. Den nye handlingsplanen avløyser også tidlegare prinsipp- og arbeidsprogram, og erstattar arbeidsprogrammet for 2011.

Styret har ønska å jobbe med meir langsiktige målsetjingar, samt gjere det tydelegare kor og kva organisasjonen vil. Ein har også sett det som føremålsteneleg å ha færre styringsdokument å førehalde seg til, slik at ein får eit betre oversyn, og planen vert eit godt arbeidsdokument for administrasjonen. Difor har ein vald å slå prinsippprogram og arbeidsprogram saman til ein felles handlingsplan for FolkOrg.

Det nye framlegget som ligg ved set difor opp langsiktige mål for *kva ein vil* og *kor ein vil* med prosjekta, og kva for ei utvikling ein ser for seg på dei ulike arbeidsområda.

Planen har eit fireårsperspektiv der måla som vert sett no, vert gjeldande i dei fire neste åra. Tiltaka under kvart arbeidsområde kan reviderast årleg.

Det nye framlegget til handlingsplan er bygd opp på følgjande måte.

- *Verdigrunnlag*
Dette er ei kort skildring av kva verdigrunnlag organisasjonen er tufta på. Det er viktig at dette er tydeleg, men samstundes rommar breidda i organisasjonen sine aktivitetar.
- *Visjon*
Ei kort skildring av kva organisasjonen ønskjer å vere og korleis ein vil stå fram.
- *Arbeidsområde / strategiar*
Her er det sett opp åtte overordna strategiar arbeidsområde som organisasjonen arbeider med. Ein skal nå organisasjonens mål og visjonar gjennom desse strategiane.
- *Langsiktige mål (for kvart arbeidsområde)*
Mål er ein tilstand eller eit resultat ein ønskjer å nå. Dette bør vere målbare resultat eller mål. Det er viktig at desse punkta ikkje vert revidert årleg, slik at det kan vere føreseieleg og slik at administrasjonen har noko å strekke seg etter og noko å jobbe fram mot.

- *Tiltak (for kvart arbeidsområde)*

Dette er konkrete aktivitetar som skal svare til måla. Ved å utføre tiltaka vil ein oppnå måla, eller resultatata. Tiltaka *kan* reviderast årleg.

Framlegg til vedtak

Handlingsplan for FolkOrg (2011-2015) er vedtatt. Planen gjeld for 4 år, men tiltaka i planen kan reviderast årleg av årsmøtet.

Vedlegg

- Framlegg til handlingsplan – (FolkOrg 2011 – 2015)
- Prinsippprogram FolkOrg (gjeldande)
- Arbeidsprogram 2011 (gjeldande)

HANDLINGSPLAN

FolkOrg (2011 - 2015)

Verdigrunnlag

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet. Levande folkemusikk- og dansetradisjonar i Noreg står for eit mangfald av ulike sjangrar og lokale variantar. Desse har fått si form gjennom langvarig bruk og utgjer fullverdig kunst i sin eigen rett. Ei styrking, synleggjering og formidling av dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sentralt i FolkOrg sitt arbeid, men organisasjonen skal i tillegg fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

FolkOrg vil sikre best moglege vilkår for lag, utøvarar og arrangørar. Dette er med på å sikre høgt kunstnarleg nivå, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane på området.

Visjon

Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon.

Arbeidsområde / strategiar

FolkOrg skal fremje føremålet og verdigrunnlaget sitt gjennom:

- kulturpolitisk arbeid
- informasjon
- arenutvikling
- arrangørutvikling
- lagsutvikling
- utøvarutvikling
- kompetansebygging og opplæring
- organisasjonsutvikling

Kulturpolitisk arbeid

FolkOrg skal ivareta og styrke medlemmane og aktørane sine interesser og rettar på feltet, og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet.

Langsiktige mål (4 år)

- Samstemt! sine fire-års mål er oppnådd
 - Arrangørstøtta hjå Norsk kulturråd er på 30 mill
 - Musikarstøtta hjå Norsk kulturråd er på 20 mill
 - KOMP, tilskotordninga for opplæringsmidlar, er auka til 6 mill
- Folkemusikk og -dans er synleg og anerkjend på kulturfeltet og i samfunnet elles
- Støtta til opplæringstiltak innan folkemusikk og -dans er auka
- Støtta til sceniske framsyningar med folkemusikk og -dans som basis er auka
- Folkemusikkfeltet får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk
- FolkOrg har etablert eit breitt nettverk av internasjonale samarbeidspartnarar, og er aktiv i det internasjonale arbeidet for folkemusikk- og dans

Tiltak (årleg revidering)

- Sette agenda og delta i det offentlege ordsiftet, og sette søkelys på aktuelle saker for sjangeren
- Stø opp om arbeidet innan forskning, arkiv og utdanning
- Samarbeide aktivt med andre aktørar og organisasjonar innanfor sjangeren, og på musikk-, danse- og kulturfeltet generelt
- Vere ein aktiv høringsinstans for aktuelle saker innan folkemusikk og -dans
- Starte arbeidet med utgreiing om opphavsrett for folkemusikken
- Følgje opp arbeidet med statusrapporten for folkedans, i samarbeid med Rff og NU

Informasjon

FolkOrg skal spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, og arbeide for å auke omtale og bruk av folkemusikk og folkedans nasjonalt og internasjonalt.

Langsiktige mål (4 år)

- Organisasjonens informasjonskanalar og prosjekt er evaluert og tilpassa utviklinga innan informasjonsteknologi og tendensar og behov hjå brukarane
- Nettportalen www.folkemusikk.no sin posisjon som den viktigaste staden for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg er styrka, og talet på lesarar er auka til 5000 daglege brukarar
- Nettportalen www.folkmusic.no er den viktigaste engelskspråklege kjelda til informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på lesarar er auka med 60 %
- Organisasjonen har eit heilskapleg og historisk oversyn over aktivitet, aktørar, utøvarar og utgjevingar på feltet
- Bladet Folkemusikk er det leiande tidsskriftet innan folkemusikk og –dans i Noreg, og talet på abonnentar er auka til 2500
- Talet på abonnentar av bladet Folkemusikk frå nordiske land er auka med 50 %
- Talet på abonnentar av årbok for norsk folkemusikk er 500, og boka vert kjøpt inn på innkjøpsordninga
- Bladet Folkemusikk er evaluert

Tiltak (årleg revidering)

- Utføre ei brukarundersøking for bladet Folkemusikk, www.folkemusikk.no og Årboka
- Marknadsføre og profilere bladet Folkemusikk, folkemusikk.no og folkmusic.no nasjonalt og internasjonalt
- Starte arbeidet med å revidere utøvarkatalogen og etablere ein biografibase med sentrale nolevande og døde utøvarar innan folkemusikk og -dans
- Starte arbeidet med å digitalisere og formidle lagshistoria til LfS og NFD

Arenautvikling

FolkOrg skal legge til rette for, utvikle og drive gode framføringsarenaer for folkemusikk og folkedans lokalt, regionalt og nasjonalt.

Langsiktige mål (4 år)

- Landskappleiken og Landsfestivalen som tevling og arenaer er evaluert, slik at arrangementa og tevlingsforma er tilpassa utviklinga innan sjangeren og samtida
- Organisasjonen har kompetente arrangørar og drifta av arrangementa er godt innarbeidd
- Arrangementa er tilrettelagt for publikum og deltakarar og i alle aldersgrupper
- Arrangementa er attraktive og trekker til seg nytt publikum også utanfor sjangeren

- Landskappleiken sin posisjon som folkemusikken og -dansens hovudarena er styrka
- Talet på selde billetter på Landskappleiken er auka med 20 %
- Landsfestivalen i Gammaldansmusikk sin posisjon som hovudarena for runddansmusikk i Noreg er styrka
- Talet på selde billetter på Landsfestivalen er auka med 30 %
- Talet på lokal- og fylkeskappleikar andre lokale framføringsarenaer er auka
- Talet på arenaer og møteplassar for samværsdans i heile landet er auka

- Bransjetreffet Folkelarm er den leiande faglege møteplassen for bransjen innan folkemusikk og –dans i Norden, og samlar eit breitt utval delegatar frå heile musikkbransjen
- Folkelarm er den viktigaste eksportarenaen for norsk folkemusikk, og ein dørøpnar for oppdrag i utlandet
- Folkelarm er grundig evaluert i høve eigarskap, og arrangementet er tilpassa utviklinga innan musikkbransjen, og behov og ynskje frå utøvarar og arrangørar
- Folkelarmprisen er ei etablert og kjend prisutdeling på kulturfeltet

Tiltak (årleg revidering)

- Starte arbeidet med å etablere ein felles medie- og marknadsføringsplan for organisasjon sine arrangement og prosjekt
- Revidere og vidareutvikle arrangørhandboka for Landsfestivalen og Landsfestivalen
- Starte arbeidet med å utarbeide ei arrangørhandbok / rettleiing for arrangering av lokale kappleikar
- Vidareutvikle og betre kappleiksprogrammet til FolkOrg, slik at det vert brukarvenleg for arrangørar og utøvarar
- Rekruttere nye delegatar til Folkelarm
- Arbeide for å styrke prisen Årets folkemusikar, og få pengar inn i prisen

Arrangørutvikling

FolkOrg skal stimulere til arrangering av konsertar og dans med folkemusikk og arbeide for at arrangørane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Arrangørar er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker
- Talet på folkemusikkonsertar og dansearrangement er auka landet rundt
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet på arrangørstøtteordninga har auka, og løyvingane til folkemusikkarrangørar er auka med 100 %
- Folkemusikk og -dans blir presentert på fleire, nye og eksisterande arenaer

Tiltak (årleg revidering)

- Kartlegge arrangørane innan folkemusikk og -dans, og bidra til å etablere nettverk av lokale scener
- Rådgjeving og kursing av arrangørar
- Dele ut prisen "Årets folkemusikkarrangør"

Lagsutvikling

FolkOrg skal stimulere til aktivitet i laga og arbeide for at lag og tradisjonsoverføring har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Alle lokal- og områdelag er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet til aktuelle tilskotsordningar er auka og løyvingar til folkemusikkfeltet frå tilskotsordningane er auka med 25 %
- Lokal- og områdelaga i organisasjonen har eigne heimesider
- Det gode arbeidet til laga i organisasjonen er gjort synleg
- Talet på kulturskular og lokallag som samarbeider om opplæring i folkemusikk og – dans er auka
- Kommunikasjonsflyten mellom FolkOrg, områdelag og lokallag er god
- Lokallaga har gode møteplassar for tradisjonsoverføring

Tiltak (årleg revidering)

- Rådgjeving og kursing av laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ei søkarhandbok for laga
- Starte arbeidet med å utarbeide ei rettleiing for samarbeidsmodellar mellom kulturskule og lokale lag
- Gje tilbod om, og opprette heimesider for laga
- Utarbeide rutiner som sikrar jamn kontakt og dialog med lokal- og områdelaga
- Dele ut prisen "Årets lokallag"

Utøvarutvikling

FolkOrg skal stimulere til aktivitet og arbeide for at utøvarane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (4 år)

- Utøvarar innan folkemusikk og –dans er kjend med og oppdatert på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker
- Utøvarar folkemusikk og –dans er kjend med relevante aktørar og samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt
- Organisasjonen har eit breitt kontaktnettverk av relevant bransjeaktørar nasjonalt og internasjonalt, som kjem utøvarane til gode
- Lanseringsprogrammet Intro-folk er attraktivt for unge utøvarar og talet på påmeldte artistar er auka med 100 %

Tiltak (årleg revidering)

- Rådgjeving og kursing av utøvarar
- Starte arbeidet med å utarbeide ei database over arrangørar og andre relevante aktørar i Noreg og Europa
- Delta på internasjonale bransjetreff og vere til stades på relevante nasjonale arrangement
- Arbeide for å etablere eit lanseringsprogram for utvalde eksportklare artistar i samarbeid med Riksscenen og Førdefestivalen
- Utarbeide oppfølgingsprogram for Folkelarmartistane

Kompetansebygging og opplæring

FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innan folkemusikk og –dans, og styrke det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.

Langsiktige mål (4 år)

- Medlemmer og andre interesserte er informert om og har kjennskap til utdannings- og kurstilboda på feltet
- Auka deltaking på nasjonale og internasjonale kurs og arrangement
- Feltet har eit breitt utval av kompetente kappleiksdommarar innan både folkemusikk og –dans
- Musikk lærar er kjend med folkemusikk og –dans, og har tilgang til tilpassa undervisningsopplegg

Tiltak (årleg revidering)

- Marknadsføre og informere om sommarkurs, samt andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod
- Arrangere ei felles kurshelg for lokallag, dommarar, utøvarar og arrangørar.
- Fordele FriFond-midlar

Organisasjonsutvikling

FolkOrg skal ha attraktive medlemstilbod og vere ein fagleg sterk og kunnskapsrik organisasjonen.

Langsiktige mål (4 år)

- Talet på medlemmar er auka med 25 %
- Medlemssystemet (styreweb) er teke i bruk av alle lokallag, og er ein naturleg arbeidsreiskap i kommunikasjonen med laga sine medlemmer
- Styra sentralt, regionalt og lokalt er kompetente på styre- og organisasjonsarbeid
- Kunnskapen og rutiner som ligg i administrasjonen er dokumentert, slik at nye medarbeidarar enkelt kan ta over ansvaret
- Organisasjonen har ein hovudsponsor

Tiltak (årleg revidering)

- Utarbeide ein vervekampanje av nye medlemmer
- Formidle og vidareutvikle medlemstilboda
- Etablere og drifte eit effektivt medlemssystem (styreweb), med oppdatert kontaktinformasjon på medlemmer og lokallag
- Legge til rette for opplæring i bruk av medlemssystemet (styreweb)
- Opplæring og kursing av tillitsvalde lokalt og sentralt
- Starte arbeidet med å etablere rutinehandbok og årshjul for administrasjonen

PRINSIPPROGRAM

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

INNLEIING

Prinsippprogrammet for FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans inneheld overordna retningslinjer og verdiar for verksemda, og vart vedteke 22. november 2010. Desse verdiane og retningslinjene er førande for innhaldet i arbeidsprogrammet til organisasjonen.

VERDIGRUNNLAG

FolkOrg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet. Levande folkemusikk- og dansetradisjonar i Noreg står for eit mangfald av ulike sjangrar og stadeigne variantar. Desse har fått sitt særpreg gjennom langvarig bruk og utgjer fullverdig kunst i sin eigen rett. Arbeidet skal fyrst og fremst verne dei eldste folkemusikk- og danseformene som det er tradisjon for i kvart distrikt. FolkOrg ser dette arbeidet som ein del av ei folkeleg kultureising, der medvitet om eigne tradisjonar blir ei kjelde til livsutfalding og eit grunnlag for sjølvkjensle, rotfeste og respekt for tradisjonars mangfald. Ei vidareføring av dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sentralt i FolkOrg sitt arbeid, men laget skal i tillegg fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

FolkOrg vil spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, informere om organisasjonen sitt arbeid og styrkje folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet. FolkOrg vil leggje særskild vekt på å sikre best moglege tilhøve for utøvarane, både yrkesutøvarar og andre utøvarar. Dette er eit av dei viktigaste vilkåra for å sikre høgt kunstnarleg nivå på området, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane.

ARBEIDSOMRÅDE

FolkOrg skal fremje verdigrunnlaget sitt gjennom kulturpolitisk arbeid, informasjon, tradisjonsoverføring og opplæring, gode arenaer og formidling av folkemusikk og folkedans.

Kulturpolitisk arbeid:

FolkOrg skal styrkje stillinga til folkemusikken og folkedansen i Noreg gjennom:

- eit aktivt, breitt kulturpolitisk arbeid
- å stå fram som ein handlekraftig og kunnskapsrik organisasjon, og vere ein viktig aktør for all folkemusikk og folkedans på kulturfeltet i Noreg
- å vere ein samlande organisasjon som tar opp i seg det breie mangfaldet i folkemusikken og folkedansen
- å sørge for gode rammevilkår for utøvarane, organisasjonen og sjangeren
- samarbeid med andre organisasjonar på kulturfeltet nasjonalt og internasjonalt

Tradisjon og opplæring:

FolkOrg vil styrke tradisjonsoverføringa til folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å:

- bidra til aktivitet, vekst og mangfald innanfor folkemusikk og folkedans
- fremje rekruttering, opplæring innanfor folkemusikk og -dans og instrumentmaking
- arbeide for å styrke rammevilkåra for det faglege arbeidet med forskning, arkiv og utdanning

Formidling:

FolkOrg skal styrke formidlinga av folkemusikk nasjonalt og internasjonalt ved å:

- leggje til rette for og utvikle sosiale arenaer og framføringsarenaer lokalt, regionalt og nasjonalt.
- auke tilgjenge til folkemusikkutøvarar og folkedansarar og arbeide for profesjonalisering av bransjen
- ivareta og styrke utøvarane sine kunstnarlege, faglege og økonomiske interesser
- sikre at arrangørane får gode rammevilkår

Organisasjon:

FolkOrg ser ei styrking av det frivillige arbeidet rundt om i lokallag, særslag og hos arrangørar som ein viktig føresetnad for å kunne fremje verdigrunnlaget i dette prinsippprogrammet.

Arbeidsprogram for FolkOrg 2011

”Vi vil engasjere (nye) medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

Kulturpolitisk arbeid og informasjon

Faste oppgåver

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil styrke folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å:

- delta i det offentlege ordskiftet om aktuelle saker for sjangeren, og vere med på å sette agendaen i den offentlege kulturdebatten.
- samarbeide med andre aktørar og organisasjonar på musikk-, danse- og kulturfeltet generelt, og innanfor sjangeren spesielt
- følgje opp Noreg si ratifisering av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv, ved å delta i det offentlege ordskiftet og halde fram samarbeidet med Rådet for folkemusikk (RFF).
- bidra til at forskning og større utdanningsprosjekt vert sikra løyvingar

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil spreie kunnskap om og forståing for folkemusikk og folkedans og informere om organisasjonen sitt arbeid ved:

- å arbeide for auka omtale og bruk av folkemusikk og folkedans i media nasjonalt og internasjonalt.
- å arbeide for å styrkefolkedansen (bygdedans og runddans) i det offentlege kulturfeltet.
- å gje ut bladet Folkemusikk
- å drive informasjonsformidling gjennom effektiv bruk av nettportalen folkemusikk.no, folkmusic.no og info til medlemer og lag.
- å gje ut årbok for norsk folkemusikk.
- å syte for å ha oversikt over aktivitet og ressursar på folkemusikk- og folkedansfeltet.

Særskilde satsingar i 2011

- Gå gjennom profilen og funksjonen til bladet Folkemusikk med sikte på endringar

Utøvar og arena

Faste oppgåver

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil ivareta og styrke utøvarane sine interesser ved:

- å arbeide for gode og fleksible tilskotsordningar og andre støttetiltak
- å gjere norsk folkemusikk og folkedans kjend og etterspurd nasjonalt og internasjonalt
- å arrangere bransjetreffet Folkelarm som ein fagleg møteplass for musikarar, dansarar og arrangørar, og dele ut Folkelarmprisen
- å delta i lanseringsprogrammet Intro-folk
- å evaluere og vidareutvikle norsk folkemusikkatalog
- å gjennomføre kompetansehevande tiltak for utøvarar.
- å arbeide for utøvarane sine opphavsrettar til eigne verk
- å legge til rette for førestillingar som brukar folkedans som scenespråk.
- å leggje til rette for at den profesjonelle bransjen rundt yrkesutøvarane får gode kår til å utvikla seg vidare.

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil drive og vidareutvikle gode arenaer for presentasjon av folkemusikk og folkedans ved:

- å arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen og styrke og vidareutvikle desse arrangementa, blant anna ved fruktbart samarbeid mellom FolkOrg og lokale arrangørar
- Å arbeide for eit nettverk av lokale scener for formidling av folkemusikk og folkedans
- å medverke aktivt til at Riksscenen og dei regionale kompetansesentra for rytmisk musikk skal nå sine mål og vere sentrale formidlings- og kompetansearenaer.

Særskilde satsingar i 2011

- Jobbe for å etablere eit yrkesutøvarlag som ein del av organisasjonen
- Etablere eit prosjekt for å styrke eksisterande og etablere nye scener for folkemusikk og folkedans rundt om i landet, i eit samarbeid med lokallag, kompetansesentra og Riksscenen
- Arbeide for nye typar arenaer for folkemusikk og folkedans, som er tilpasse både sjangeren og samtida.

Tradisjon og opplæring

Faste oppgåver

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane ved:

- å medverke til at lokal tradisjonsoverføring har gode rammevilkår
- å bidra til at utdanning innanfor instrumentmaking vert sikra
- å medverke til tradisjonsseminar/dommarseminar i samarbeid med arkiv og andre faginstitusjonar
- å arbeide for eit system der tradisjonsberarar får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk.

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil fremje aktive miljø i lokallaga og leggje til rette for opplæring i folkemusikk og folkedans ved:

- å bidra til at arbeidet for barn og unge held fram
- å ta omsyn til barn og unge sine ønskje og behov på dei store arrangementa
- å vidareutvikle nettsidene for unge brukarar og aktivt bruke dei sosiale arenaene på Internett
- å arbeide for å få god norsk deltaking på internasjonale kurs og arrangement
- å arbeide for økonomisk stønad til barne- og ungdomsarbeid, og fordele Frifond-midlar

Særskilde satsingar i 2011

- Stimulere til geografisk og stilmessig bredde i folkedansen gjennom mellom anna tradisjonsseminar og bruk av lokalarkiv .
- Vere med å utvikle modellar som sikrar auka tilskot og felles marknadsføring for sommarkursa.
- Arbeide for at lokale lag samarbeider med kulturskulane om opplæring i folkemusikk og folkedans, og for kompetanseoverføring mellom lag for å auke slikt samarbeid.
- Styrkje folkedansen gjennom å få midlar til dansefestar. Lokale og regionale aktørar kan søkje om tilskot til dansefesten og såleis styrkje musikken og dansen i samspel.
- Utgreiing av dansefeltet for å dokumentere kva Noreg har av folkedans å føre vidare og korleis arbeidet med dette fungerer i dag.
- Arbeide for å opprette ei ressursstilling for folkedansen.

Organisasjon

Faste oppgaver

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg vil utvikle organisasjonen og yte gode tenester til medlemmer, lokallag og særslag ved:

- å gi råd og rettleiing til medlemmer og medlemslaga
- å styrke heimesidetilbodet til lokallag gjennom bl.a. presentasjon og kurs.
- å sikre god flyt av informasjon og kompetanseutvikling i organisasjonen ved m.a. å arrangere møte og seminar for utøvarar, lagsleiarar, musikalske leiarar, danseleiarar og medlemslag
- å etablere effektive ordningar for handtering av internkommunikasjon, medlemskap og flyt av informasjon

å utvikle planverktøy som gjer at organisasjonen kan arbeide målretta, og nytte menneskelege og økonomiske ressursar til beste for føremålet

Særskilde satsingar i 2011

- Stimulere lokallag til auka aktivitet.
- Utvikle ein grafisk profil og logo for organisasjonen, som skal brukast gjennomgåande på nettsider, brevark og anna, og på dei store arrangementa slik at ein sikrar gjenkjenning og god profilering av organisasjonen.

BUDSJETT 2011 (revidert) | FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Drift		Informasjon drift	Informasjonsprosjekter			Arrangementer		Egenandel prosjekter i henhold til arb.program
			administrasjon	styret/utval	nett/annet	årbok	bladet Folkemusikk	profilering	kapleik/lokallag	folkelarm	
Salgsinntekter (annonser)	-290000	(325 000)			(40 000)		(225 000)			(60 000)	
Salgsinntekter (billetter og abonnement)	-710000	(710 000)					(550 000)			(160 000)	
Husleieinntekter, framleie		(65 000)	(65 000)								
Driftsstøtte	-5500000	(5 390 000)	(5 390 000)								
Andre tilskudd	-2180000	(1 599 000)	(480 000)		(50 000)		(125 000)	(174 000)		(770 000)	
Medlemskontingent	-1812000	(1 929 000)	(1 929 000)								
Annen inntekt	-300000	(395 000)					(25 000)		(300 000)	(70 000)	
Andre Refusjoner	-650000	(565 000)	(550 000)							(15 000)	
Refusjon reiseutgifter	-	-									
SUM DRIFTSINNEKTER	-11442000	(10 978 000)	(8 414 000)	-	(90 000)	-	(925 000)	(174 000)	(300 000)	(1 075 000)	-
Lønn og personalutgifter (fast ansatte)	3690000	3 405 000	1 026 000		922 000		408 000	408 000	401 000	240 000	-
Honorarer inkl. feriepenger		-									
Honorarer u/4000,- ikke skattepliktig		-									
Styrehonorar (inkludert honorar til leder)	270000	239 000		239 000							
Arbeidsgiveravgift	562000	466 000	130 000		131 000		57 000	57 000	57 000	34 000	-
Refusjoner av sykepenger		-									
OTP forsikring (utg.ført.)	270000	166 000	48 000		46 000		20 000	20 000	20 000	12 000	-
Annen personalkostnad	20000	20 000	20 000								
PERSONALKOSTNADER	4812000	4 296 000	1 224 000	239 000	1 099 000		485 000	485 000	478 000	286 000	-
Prosjektkostnader	1 085 000	743 000	583 000	-	-	-	-	-	160 000	-	-
Faste driftsutgifter	1 663 000	1 465 000	1 135 000	-	-	-	25 000	-	45 000	180 000	-
Diverse honorarer	828 000	825 000	80 000	-	80 000	-	250 000	20 000	30 000	345 000	-
Kontor- og møtekostnader	1 164 000	1 432 000	530 000	50 000	100 000	-	305 000	65 000	42 000	355 000	-
Reisekostnader	1 180 000	695 000	115 000	100 000	85 000	-	40 000	55 000	220 000	135 000	-
Reklamemateriell/annonsering	230 000	155 000	10 000	-	30 000	-	50 000	15 000	20 000	50 000	-
Div. andre kostnader	480 000	442 000	205 000	-	10 000	-	160 000	-	30 000	47 000	-
Refusjon av medlemskontingent og forsikringspenger	925 000	925 000	925 000	-	-	-	-	-	-	-	-
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	7 555 000	6 682 000	3 583 000	150 000	305 000	-	830 000	155 000	547 000	1 112 000	-
DRIFTSKOSTNADER	12 367 000	10 978 000	4 807 000	389 000	1 404 000	-	1 315 000	640 000	1 025 000	1 398 000	-
DRIFTSRESULTAT	925 000	-	(3 607 000)	389 000	1 314 000	-	390 000	466 000	725 000	323 000	-

Honorar for styret og utvalg

Møter	Antall møtedager	Sats	Antall personer	Sum per møte	
Styret	7	1500	4	6 000	42 000
Tapt arbeidsfortj.	7	1500	4	6 000	42 000
Utvalg	10	1500	3	4 500	45 000
					129 000
Honorar styreleder					50 000
Honorar nestledere		30000			60 000
					239 000
I budsjett	239 000				

BUDSJETT 2012 | FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

	Rev. budsjett 2011	Budsjett 2012	Drift		Informasjon drift	Informasjonsprosjekter			Arrangementer		Egenandel prosjekter i henhold til arb. program
			administrasjon	styret/utvalg	nett/annet	årbok	bladet Folkemusikk	profilering	kapleik/lokallag	folkelarm	
Salgsinntekter (annonser)	-325 000	(332 000)			(40 000)		(232 000)			(60 000)	
Salgsinntekter (billetter og abonnement)	-710 000	(760 000)				(40 000)	(560 000)			(160 000)	
Husleieinntekter, framleie	-65 000		(65 000)								
Driftsstøtte	-5 390 000	(6 180 000)	(6 180 000)								
Andre tilskudd	-1 599 000	(1 619 000)	(495 000)		(50 000)		(130 000)	(174 000)		(770 000)	
Medlemskontingent	-1 929 000	(2 055 000)	(2 055 000)								
Annen inntekt	-395 000	(395 000)					(25 000)		(300 000)	(70 000)	
Andre Refusjoner	-565 000	(582 000)	(567 000)							(15 000)	
Refusjon reiseutgifter	-	-									
SUM DRIFTSINNTEKTER	-10978000	(11 988 000)	(9 362 000)	-	(90 000)	(40 000)	(947 000)	(174 000)	(300 000)	(1 075 000)	-
Lønn og personalutgifter (fast ansatte)	3 405 000	3 370 507	1 072 415		801 621	40 000	407 587	407 587	400 811	240 486	
Honorarer inkl. feriepenger		-									
Honorarer u/4000,- ikke skattepliktig		-									
Styrehonorar (inkludert honorar til leder)	239 000	239 000		239 000							
Arbeidsgiveravgift	466 000	469 601	151 211		113 029		57 470	57 470	56 514	33 909	
Refusjoner av sykepenger		-									
OTP forsikring (utg.ført.)	166 000	166 525	53 621		40 081		20 379	20 379	20 041	12 024	
Annen personalkostnad	20 000	220 000	220 000								
PERSONALKOSTNADER	4 296 000	4 465 633	1 497 246	239 000	954 731	40 000	485 436	485 436	477 366	286 419	-
Prosjektkostnader	743 000	1 297 000	598 000	-	-	-	-	-	160 000	-	539 000
Faste driftsutgifter	1 465 000	1 466 000	1 135 000	-	80 000	-	26 000	-	45 000	180 000	-
Diverse honorarer	825 000	955 000	115 000	-	80 000	105 000	258 000	20 000	32 000	345 000	-
Kontor- og møtekostnader	1 432 000	1 539 000	527 000	50 000	92 000	85 000	315 000	70 000	45 000	355 000	-
Reisekostnader	695 000	712 000	112 000	100 000	30 000	-	40 000	70 000	225 000	135 000	-
Reklamemateriell/annonsering	155 000	177 000	10 000	-	15 000	10 000	52 000	15 000	25 000	50 000	-
Div. andre kostnader	442 000	451 000	209 000	-	-	-	165 000	-	30 000	47 000	-
Refusjon av medlemskontingent og forsikringspenger	925 000	925 000	925 000	-	-	-	-	-	-	-	-
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	6 682 000	7 522 000	3 631 000	150 000	297 000	200 000	856 000	175 000	562 000	1 112 000	-
DRIFTSKOSTNADER	10 978 000	11 987 633	5 128 246	389 000	1 251 731	240 000	1 341 436	660 436	1 039 366	1 398 419	-
DRIFTSRESULTAT	-	-	(4 233 754)	389 000	1 161 731	200 000	394 436	486 436	739 366	323 419	539 000

Honorar styret og utvalg

Møter	Antall møtedager	Sats	Antall personer	Sum per møte	
Styret	7	1500	4	6 000	42 000
tapt arbeidsfortj.	7	1500	4	6 000	42 000
Utvalg	10	1500	3	4 500	45 000
					129 000
Honorar styreleder					50 000
Honorar nestledere		30000			60 000
					239 000

SAK 14**Val**

Til: Årsmøtet
Frå: Valnemnda

Valnemnda sitt framlegg til årsmøtet i FolkOrg 29. april - 1. mai 2011

<i>Styreleiar</i>	<i>Maria Høgetveit Berg</i>	<i>attval</i>	<i>veljast for 1 år</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Nils Øyvind Bergset</i>	<i>attval</i>	<i>veljast for 1 år</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Mari Skeie Ljones</i>	<i>ny</i>	<i>kan veljast for 2 år om årsmøtet vedtek det</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Åshild Vetrhus</i>	<i>ikkje på val</i>	
<i>Styremedlem</i>	<i>Sigurd Johan Heide</i>	<i>ikkje på val</i>	
<i>Styremedlem</i>	<i>Aslak O Brimi</i>	<i>attval</i>	<i>veljast for 2 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Tor Stallvik</i>	<i>attval</i>	<i>veljast for 2 år</i>
<i>1. varamedlem</i>	<i>Torunn Raftevold Rue</i>	<i>attval</i>	<i>vald for 1 år</i>
<i>2. varamedlem</i>	<i>Helene Myklemyr Bolstad</i>	<i>attval</i>	<i>vald for 1 år</i>
<i>3. varamedlem</i>	<i>Dag Hovda Sture</i>	<i>attval</i>	<i>vald for 1 år</i>

Målselv / Jølster / Lillehammer 03.04.2011

Terje Foshaug (s)

Synnøve S. Bjørset (s)

Randi Skeie (s)